

Fra: Nils Egil Vetlesand (Nils.Egil.Vetlesand@hfk.no)

Sendt: 31.10.2019 09:12:54

Til: Roald Breistein

Kopi: Hogne Haktorson; John Martin Jacobsen; Ingrid Kristine Holm Svendsen; 'ehordvik@DELOITTE.no'

Emne: Sluttrapportar fylkesvegar

Vedlegg:

Hei,

Eg viser til tidlegare korrespondanse om revisjon av fylkesvegprosjekt.

Det vil vera kjent for sekretariatet at Sams vegadministrasjon i Statens vegvesen er under avvikling. Personane som skal over til Vestland fylkeskommune frå 2020 har dermed oppgåver med å avvikla og rapportera år 2019, og dei er viktige støttespelarar for å førebu oppstarten av Vestland fylkeskommune, avdeling for Infrastruktur og veg.

Deloitte sin revisjon av sluttregneskapane for aktuelle fylkesvegprosjekt vil krevja ekstra arbeid for desse nøkkelpersonane i Statens vegvesen – til dømes ved utarbeiding av rapportar, framlegging av bilag, oversyn over løvyingar m.v.

Ut frå dette må ein be om å få koma attende til revisjon og handsaming av slutførde fylkesvegprosjekt. Ein tek sikte på å oversenda aktuell dokumentasjon til revisjonen så tidleg som råd i 2020 slik at Kontrollutvalet kan få prosjektrekneskapa til handsaming i løpet av 1. halvår 2020.

Mvh

Nils Vetlesand

konst. fylkesdirektør økonomi og organisasjon

Økonomi- og organisasjonsavdelinga



Mob: 906 98 712

www.hordaland.no